



# DEN NORSKE KYRKJA

Sirdal sokneråd

Postboks 133  
4441 TONSTAD  
Tlf: 38 37 16 00

Rådmannen i Sirdal kommune  
Rådhuset  
4440 TONSTAD

Tonstad 15.10.2018  
Vår sakshandsamar: Admin  
Vår ref.: 18/00034-001  
Arkivkode: 11

## Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 – Sirdal sokneråd

Vi sender med dette over budsjettframlegg frå Sirdal sokneråd for 2019, samt økonomiplan for 2019-2022.

I budsjettframlegget for 2019 er det lagt opp til ein auke i løvvingane frå kommunen på 2,8 % samanlikna med 2018, i hovudsak for å halde tritt med lønsveksten. Så langt vi veit pr i dag, vil pensjonskostnadene auke samanlikna med 2018.

For å få budsjettet i balanse, ber soknerådet om kr 3.475.000 i kommunale overføringer til drift for 2019. Dette er viktig for oss, fordi vi er ein liten eining som ikkje har mykje å gå på. Det er viktig for soknerådet å kunne oppretthalde 100 % stillingar som kantor, kyrkjelydsarbeidar og kyrkjeverje/dagleg leiar, både med tanke på rekruttering og dei oppgåvane desse stillingane har i lokalsamfunnet.

I tillegg søker soknerådet om kr 200.000 i 2019 til vidareføring av vedlikehaldstiltak på kyrjebygga. Dette er både for å følgje opp vedlikehaldsplanen vi har for kyrjebygga, samt utvide hovedtrappa på Lunde kyrje med tanke på tryggleik for rullestolar. I tillegg ønskjer vi å tilrettelegge betre for rullestolbrukarar ved dørene til handicapinngongene i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell.

Soknerådet søker også om kr 1.600.000 til bygging av nytt kontorbygg til erstatning for Kyrkjesenteret i 2019. For 2018 ble det bevilga kr. 400.000 med klare intensjoner om 1.600.000 i 2019, samla kr. 2,0 mill. Det vil være nødvendig å auke kommunens tilskudd til fellesrådet til drift av kontorer. Dette vil gi soknerådet garanti for låneopptak på 1 mill.

Soknerådet tilbyr kommunen å bygge to leilegheter i 2. etg. mot å inngå langtidsleie.

Soknerådet meiner det er svært viktig å kome i gang med dette arbeidet i 2019, og vil difor be kommunen prioritere dette ved å følgje opp med nødvendige løvvingar. Vi vil understreke at kontortilhøva vi har i dag ikkje er tilfredstillande verken for dei tilsette eller for publikum som kjem hit i til dømes sørgesamtale, dåpssamtale eller i samband med tenester knytt til gravplassene.

Vedlagt følgjer budsjettnotat og budsjettframlegg og oversikt over investeringsbehov i fireårsperioden 2019-2022.

Venleg helsing

Yngve Bjørn Søyland  
Kyrkjeverge / dagleg leiar



# Budsjett 2019

## A. Sirdal sokneråd


Soknerådet har følgjande samansetning:

Aud Ingrid Fidjeland (leiar), Gunnlaug Seland (nestleiar), Ingunn Berstad Tonstad, Tor Arne Liland, May Bente Øksendal Ousdal og Hanne Birgitte Fodstad, Rolf Eriksen (sokneprest), 1. og 2. vara: Einar Samslått og Gerd Åshild Ueland til juni 2018, og ble erstatta med Mari Halvorsen, Egil Netland sit som representant for Sirdal kommune.

## B. Hovedoppgåver

Sirdal sokneråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver i Sirdal sokn, utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen og ivareta interesser i høve til kommunen. Soknerådet har ansvar etter Kyrkjelova § 9 (Soknerådets oppgåver) og § 14 (Kyrkjeleg fellesråds oppgåver). § 9 handlar om det kristelege liv i soknet, om forkynning, sjuke og døyande skal få hjelp, døypte få tilbod om trusopplæring og samle barn og unge om gode formål. Etter § 14 har soknerådet ansvar for bygging og drift av kyrkjer og gravplassar. Arbeidsgjeveransvaret for alle kyrkjelege stillingar utanom prester ligg også her. Ein har også ansvaret for å forvalte den kyrkjelege økonomien til beste for den lokale kyrkja.

## C. Ressursar og organisering



| <b>Kyrkjessenteret</b> |         |
|------------------------|---------|
| Organist               | 100 %   |
| Kyrkjelydsarbeidar     | 100 %   |
| Dagleg leiar           | 100 %   |
| Reinhalar              | 10,66 % |

| <b>Haughom kapell</b> |        |
|-----------------------|--------|
| Reinhalar             | 3,40 % |
| Kyrkjetenar           | 8 %    |

| <b>Tonstad kyrkje</b> |      |
|-----------------------|------|
| Reinhalar             | 13 % |
| Kyrkjetenar           | 27 % |

| <b>Lunde kyrkje</b> |     |
|---------------------|-----|
| Reinhalar           | 5 % |
| Kyrkjetenar         | 6 % |

| <b>Kvævemoen kapell</b> |      |
|-------------------------|------|
| Reinhalar               | 5 %  |
| Kyrkjetenar             | 16 % |

I tillegg kjem sokneprest i 80 % stilling og stillingsressurs til trusopplæring i om lag 20-25 % stilling. Begge desse stillingane er løna av staten over budsjettet til Agder og Telemark bispedømeråd.

### *Kommunale overføringer*

Budsjettet er basert på same prinsipp som det kommunale budsjettet. Når det gjeld lønspostane har ein tatt utgangspunkt i løn pr. august 2018 og lagt inn ei lønsauke på totalt 2,4 % for 2018 (er ikkje implementert enno), samt ein lønsreserve for 2019 (kr. 56.000) som er høgare enn for 2018 fordi KLPs prognose for lønnsauke er 3,2% til lønsoppgjeren 2019. Pensjonsutgiftene er basert på anslag frå KLP.

Reguleringspremien ventes å være høgare som følgje av lønsauken. Deflatoren er beregnet til å bli 2,8%. Den høge prognosene i lønsveksten henger saman med at konjunkturopgangen Norsk økonomi er inne i bidrar til at arbeidsmarkedet blir strammare.

Det er i soknerådet sitt budsjettframlegg budsjettet med kr 3.475.000 i kommunale overføringer. Dette utgjer ein vekst på 2,8 % frå i fjor. Ei slik løying vil få budsjettet i balanse, og vil gjere at ein kan oppretthalde det tenestetilbodet ein har i dag.

Det er svært viktig å behalde dei stillingsressursane ein har for å kunne oppretthalde det tilbodet ein har i dag, og for å kunne rekruttere nye medarbeidrarar når nokon sluttar. Det har ved fleire høve synt seg krevjande å få besett ledige stillingar. Då er det viktig å kunne vere konkurransedyktige på løn.

Soknerådet arbeidar no etter ein godkjent plan for trusopplæring i Sirdal sokn. Det kjem eit årleg statleg tilskot på i overkant av 130.000 til trusopplæring. Soknerådet ønskjer å nytte store deler av dette beløpet til å styrke stillingane som arbeidar med trusopplæring for barn og unge, og er svært glad for å ha fått tilsett ny kyrkjelydsarbeidar i 50 % stilling.

| <b>Kommunale overføringer til soknerådet, tall i 1000</b>                           | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019        |
|---|------|------|------|------|-------------|
| Drift   | 2994 | 3202 | 3298 | 3380 | 3475        |
| Ekstraordinære driftstiltak   | 1185 | 330  | 255  | 200  | 200         |
| Alt. 4. Kyrkjekontor 1. etg.<br>Investeringstiltak                                  | 0    | 70   | 2560 | 3955 | 1600<br>235 |
| Bevilga i 2018 til kontorer   |      |      |      |      | 400         |
| Ønskjer kommunen leil?<br>Alt. 5 med påbygg to leil.<br>Ikke investering. Inkl.mva. |      |      |      |      | 5625        |

### **Investeringar/ekstraordinære driftstiltak**

#### *Vedlikehald i fylge vedlikehaldsplan*

For å følge opp vedlikehaldsplanen av kyrkjene frå 2011, betre universell atkomst til kyrkjene og utvide hovudtrappa på Lunde kyrkje, har soknerådet planlagt ulike prosjekt til ein pris på 155.000 kroner i 2019 (oprinlig 2018). Soknerådet har i fleire år nytt godt av ein sesongtilsett vaktmeister som har utført mykje vedlikehald. Dette har vore både kostnadseffektivt og gjeve god kvalitet på arbeidet. I budsjettsamanheng er det likevel naturleg å budsjetttere med marknadspriser med innleige av eksterne firma.

Det er liten tvil om at jamleg vedlikehald i lengda er kostnadsbesparande. Vedlikehalds-arbeidet bør difor vidareførast i 2019.

#### *Brannsikring*

Ein ønskjer å gjennomføre termofotografering av minst to av kyrkjene i 2019 (oprimeleg 2018).

#### *Automatiske vatningsanlegg Kvævemoen og Haughom*

Det har lenge vore eit ønskje frå befolkninga å få automatiske vatningsanlegg også på dei to siste gravplassane, Haughom og Kvævemoen. Det er eit mål å få dette til i 2020 og 2021 (oprimeleg 2019 og 2020).

#### *ENØK-tiltak i alle kyrkjene*

Kyrkjebygga er gamle, store bygningar som krev mykje energi for å varmast opp til gravferder, vigslar, gudstenester og anna. Det er mogleg å spare både miljø, inventar og kostnader ved å iverksetje ulike ENØK-tiltak. Slike tiltak utløyser noko støtte frå Enova.

Varmestyringsanlegga som er montert i 2018 år i Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje, er eit slikt tiltak. Ein reknar med å ha slike kalenderbaserte varmestyringsanlegg på plass i dei to siste kyrkjene også i løpet av 2019 (oprimeleg 2017). Vidare er installasjon av varmepumper svært aktuelt. Varevindauge i Kvævemoen kapell er også eit godt ENØK-tiltak. Dei andre tre kyrkjene har dette. Alt dette er ENØK-tiltak soknerådet ønskjer å prioritere dei komande åra.

Kommunen kan søkje rentekompensasjonsmidler frå staten til slike prosjekt. Kommunen får då lån i Husbanken med 20 års nedbetalingstid, og staten dekker rentene gjennom ei særskilt kompensasjonsordning for kyrkjebygg.

#### *Utbetring av kontortilhøva*

Soknerådet har i lengre tid vore merksam på behovet for oppgradering av kontortilhøva ved Kyrkjesenteret. Kontora har betydelege manglar i høve til dei krav som i dag vert stilt til slike lokaler, noko som gjer at ein i dag driv ulovleg. Mellom anna er dei ikkje tilgjengelege for rullestolbrukarar, luftkvaliteten er dårlig, romløysinga krev at ein må gjennom møterommet for å kome inn på to av kontora og fleire av kontora er ikkje tilstrekkeleg lydisolerte.

Ifølge Kyrkjelova § 15 er det kommunen som har ansvar for utgifter til kontorhald for tilsette i kyrkjeleg fellesråd, og soknerådet vil difor be kommunen legge inn midlar / videreføre til dette prosjektet i investeringsbudsjettet for 2019 og 2020 (oprimeleg 2018 og 2019), 2,0 mill.

Soknerådet har valt å rive og bygge nytt kyrkjesenter på tomta. Et alternativ 4 som dekker soknerådets primære behov med kontorer og tilhørande fasilitetar og et alternativ 5 der kommunen gis tilbod om å bygge to gode leilegheiter i 2. etasje med ein grunnflate på samla om lag 180 m<sup>2</sup>.

Kalkulen for kontordelen dvs. første etasje ligger på om lag 3,5 mill. eks. mva. Dersom kommunen vil benytte seg av å bygge leilegheiter i 2. etasje vil dette alene koste 4,5 mill. eks. mva.

#### **Forslag til finansiering av 1. etasje:**

##### **Alt. 4:**

Soknerådet, kontantar kr. 0,5 mill.

Kommunalt tilskott kr. 2,0 mill.

Ytterligare om lag kr. 1,0 mill. En ser for seg to alternativa: A) Soknerådet låner kr. 1,0 mill. med betalingsgaranti frå kommunen for leie. B) Kommunen yter tilskotet / tar opp lånet.

Alternativ A): Kommunen betaler leie til fellesrådet for det som ligger til kommunen å finansiere jf. Kyrkjeloven §15. Leien som pr. i dag er på ca. kr. 40.000 pr. år (ca. 90m<sup>2</sup>) prisreguleras. Et overslag på 150 m<sup>2</sup> med leige på kr. 100.000 pr. år. Leiga må dekke renter og avdrag, samt vedlikehaldsutgifter som følger med bygget. Kommunen inngår en leieavtale med soknerådet om årlig leie. Leieinntektene skal dekke låneutgifter og noko vedlikehald, leien regulerast årleg.

Med denne løysningen vil ikkje kommunen ha vidare forpliktelser utover å bidra med et eingangsbeløp på 2 mill. samt å betale månadlege beløp til fellesrådet som de gjør i dag.

#### **Forslag til finansiering av 2. etasje:**

Alt. 5: medfører påbygg av andre etasje med to gode leilegheiter à ca. 90 m<sup>2</sup> (Alt. 4 liggjer fast): om lag kr. 4,5 mill. eks. mva. (5,625 mill. inkl. mva.) som forutsetter at bygget dimensjonerast for dette. Det forutsettast at kommunen kommer meir med i prosjektet. Påbygg av andre etasje vil ikkje være mogleg seinare. Kommunen inngår langtidsleie for utleige av leilegheitene med soknerådet på eksempel 20 år. Etter 20 år avsluttas avtalen om leige og det vil som følgje av det ikkje lenger være nokon forpliktelser mellom kommune og sokneråd i forbindelse med leilegheitene.

Begge løysningane er tatt inn i finansieringsmodellen da det ikkje er avklart om kommunen ønskjer å bygge to leilegheiter i 2. etasje før skrivefristen går ut 15. okt. 2018.

### **D. Mål for 2019-2022**

- Få hensiktsmessige kontortilhøve for staben ved Kyrkjesenteret
- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Montere vatningsanlegg på Kvævemoen og Haugom kyrkjegardar
- Implementere lokal plan for trusopplæring i tråd med Stortingsvedtaket
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene
- Termofotografere el-anlegga i alle kyrkjene på nytt
- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt
- Gravplassane skal vere gode stadar å vere for sorgjande og andre som ferdast der. Difor vil vi installere vatningsanlegg på dei to siste gravplassane.

### **E. Prioriteringar 2019**

- Gå i gang med prosjektering og bygging av nytt kontorbygg (3,5 mill. eks. mva.). alternativt ytterligare (4,5 mill. eks. )mva. for påbygg av to leilegheiter.  
Dersom kommunen konkluderer med at dei ønskjer å bygge leilegheiter i 2. etg., inviterast kommunen meir inn i prosjekteringen.
- Fullføre vedlikehald og måling av tårnet på Tonstad kyrkje samt noko innvendig måling (40.000)
- Montere automatiske dørspnarar på Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell (40.000)
- Utvide trappa i Lunde kyrkje (40.000)
- Termofotografering av el-anlegg i kyrkjene (15.000)
- Takettersyn Kvævemoen kapell (10.000)

## Økonomiplan for kyrkja 2019 - 2022

| Stad-tiltak / år                   | 2019           | 2020           | 2021          | 2022          | Totalt         |
|------------------------------------|----------------|----------------|---------------|---------------|----------------|
| <b>Haugom</b>                      |                |                |               |               |                |
| Taketersyn, vedlikehald            |                | 10000          |               | 10000         | 20000          |
| Vedlikehald av dører/vinduer       | 10000          |                |               |               | 10000          |
| Automatisk døråpnar HC-inngang     |                | 20000          |               |               | 20000          |
| Ny klokke i tårnet                 |                |                | 50000         |               | 50000          |
| Vask/vedlikehald yttervegg         |                |                |               | 30000         | 30000          |
| Måling av heile kapellet           |                | 250000         |               |               | 250000         |
| <b>Sum Haugom</b>                  | <b>10000</b>   | <b>280000</b>  | <b>50000</b>  | <b>40000</b>  | <b>380000</b>  |
| <b>Tonstad</b>                     |                |                |               |               |                |
| Måling av heile kyrkja             |                |                | 300000        |               | 300000         |
| Måling av Kyrkjestova              |                |                |               | 50000         | 50000          |
| Automatisk døråpnar HC-inngang     | 20000          |                |               |               | 20000          |
| Utvendig måling, takarbeid         | 30000          | 10000          |               |               | 40000          |
| Innvendig måling                   | 10000          |                |               |               | 10000          |
| <b>Sum Tonstad</b>                 | <b>60000</b>   | <b>10000</b>   | <b>300000</b> | <b>50000</b>  | <b>420000</b>  |
| <b>Lunde</b>                       |                |                |               |               |                |
| Taketersyn, vedlikehald            |                | 10000          |               |               | 10000          |
| Utviding av trapp, hovedinng.      | 40000          |                |               |               | 40000          |
| Varmepumpe                         |                |                |               | 75000         | 75000          |
| <b>Sum Lunde</b>                   | <b>40000</b>   | <b>10000</b>   |               | <b>75000</b>  | <b>125000</b>  |
| <b>Kvævemoen</b>                   |                |                |               |               |                |
| Taketersyn, vedlikehald            | 10000          |                | 10000         |               | 20000          |
| Automatisk døråpnar HC-inngang     | 20000          |                |               |               | 20000          |
| Varmepumper                        |                | 100000         |               |               | 100000         |
| Nye varevindu                      |                | 200000         |               |               | 200000         |
| <b>Sum Kvævemoen</b>               | <b>30000</b>   | <b>300000</b>  | <b>10000</b>  |               | <b>340000</b>  |
| <b>Felles for kyrkjene</b>         |                |                |               |               |                |
| Termografering av el.anlegg        | 15000          |                | 15000         |               | 30000          |
| <b>Sum felles for kyrkjene</b>     | <b>15000</b>   |                | <b>15000</b>  |               | <b>30000</b>   |
| <b>Gravplassane</b>                |                |                |               |               |                |
| Vatningsanlegg og drenering        |                |                |               |               |                |
| ved Kvævemoen kapell               |                | 260000         |               |               | 260000         |
| Vatningsanlegg Haugom              |                |                | 290000        |               | 290000         |
| <b>Sum gravplass</b>               |                | <b>260000</b>  | <b>290000</b> |               | <b>550000</b>  |
| <b>Nye kontorlokaler</b>           |                |                |               |               |                |
| Nybygg kontor- og konfirmantlokale | 2800000        | 2800000        |               |               | 5600000        |
| <b>Sum nybygg</b>                  | <b>2800000</b> | <b>2800000</b> |               |               | <b>5600000</b> |
| <b>Sum</b>                         | <b>2955000</b> | <b>3660000</b> | <b>665000</b> | <b>165000</b> | <b>7445000</b> |

